

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skriven: 22.02.2008
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lovar, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 22.01.08 - 22.02.08**

Styresak 026/08 O

Styremøte 06.03. 2008

Administrerende direktør si orientering pkt 6

Oversikt over andre aktuelle nye lovar og lovendingar i perioden 22.01.08 – 22.02.08

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endinga gjeld
Det er ikkje kunngjort nye lovar eller lovendingar i perioden		

Oversikt over andre aktuelle nye forskrifter og forskriftsendingar i perioden 22.01.08 – 22.02.08

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endinga gjeld
Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar.	08.02.08	Sjå eige notat under administrerende direktør si orientering.

Oversikt over myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 22.01.08 – 22.02.08

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Føretaksmøtet i Helse Vest RHF 25. januar 2008	25.01.08	Det blei gjennomført to føretaksmøte i Helse Vest RHF 25. januar 2008. I det første møte blei det gjort endringar i vedtektene, utnemnd nytt styre og fastsett styregodtgjering for 2008. I det andre møtet blei det gitt styrings- og prestasjonskrav på økonomi- og organisasjonsområdet, jf. styresak 006/07 B som blei behandla i styremøte 6. februar 2008.
Revidert rundskriv om utgifter ved helsehjelp for mellom anna personar som ikkje er busett i Noreg.	14.02.08	Helse- og omsorgsdepartementet har oversendt nytt rundskriv I-2/2008 om utgifter ved helsehjelp i norske helseinstitusjonar under den offentlege spesialisthelseteneste for mellom anna personar som ikkje er busett i Noreg. Rundskrivet erstattar rundskriv I-58/2000 og er oppdatert på bakgrunn av helseføretaksreforma, omorganiseringa av

		<p>trygdeetaten, nye konvensjonsland m.m. Det er ikkje gjort materielle endringar i lovgivinga.</p> <p>Departementet ber i oversendinga om at Helse Vest RHF orienterer sjukehusa om det reviderte rundskrivet og innskjerpar at det blir etablert rutinar slik at reglane på området blir følgd.</p> <p>Helse Vest følgjer saka opp ovanfor helseføretaka og private leverandørar av spesialisthelsetenester.</p>
Føretaksmøtet i Helse Vest RHF 15. februar 2008	15.02.08	<p>Føretaksmøtet behandla sak vedrørande funksjonsendringar ved Helse Førde HF.</p> <p>Føretaksmøtet tok til etterretning vurderingane frå Helse Vest RHF med omsyn til manglande kommunal medverknad og behovet for omstilling i Helse Førde HF. På bakgrunn av dette konstaterte føretaksmøtet at føresetnadene for drift av dei fem sengene som spesialisthelsetenesta har ansvar for ved sengeposten ved nærsjukehuset i Florø, ikkje er tilstades.</p> <p>Føretaksmøtet la til grunn at det skal vidareførast spesialisthelsetenestetilbod i Florø, og at ein søker å vidareutvikle driftsmodellen slik det er skissert i brev frå Helse Vest RHF av 12. desember 2007. Dette gjeld mellom anna vidare satsing på og utviding av det polikliniske tilbodet og dagbehandling. Vidare slo føretaksmøtet fast at det er viktig å halde fram med og eventuelt styrke lærings- og meistringsfunksjonane.</p> <p>Føretaksmøtet la vidare til grunn at det i den vidare prosessen er tett dialog med dei aktuelle kommunane for å betre samhandlinga og søkje å etablere gode tilbod, og kartlegge behovet for å etablere ambulante geriatriske tenester. Det skal sikrast at dei tilsette sine rettar etter lov- og avtaleverk ivaretakast på ein god måte i omstillinga.</p> <p>Helse Vest RHF vil følgje saka opp i føretaksmøtet med Helse Førde HF.</p>